

---

Vår referanse 2020/37967-7  
Dato 07.12.2020


---

STATNETT SF  
Postboks 4904 Nydalen  
0423 OSLO

## Luster - transformatorstasjon, Fortun, Statnett, - Tilbakemelding etter arkeologisk registrering

Viser til brev datert 14.06.2019 vedrørende framtidige endringer knytt til Fortun transformatorstasjon i Luster kommune og vårt brev av 08.07.2019 med varsel om arkeologisk registrering. Viser ellers til tidlegare korrespondanse i sak. Vi kjem med tilbakemelding på førespurnad i e-post av 03.12.2020 i eige brev.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringa innafør tiltaksområde 14-16.09 og 21.09.2020. Området vart overflateregistrert og på dyrka mark er det registrert med maskinell sjaking. I tiltaksområde blei det påvist tre lokalitetar som er automatisk freda etter kml. §4, første ledd. Kulturminna har ei sikringssone på 5 meter. Lokalitetane er lagt inn i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase med id.nr 273904, 273936 og 273938 ( sjå kart). Det er påvist kokegroper, ardspor, førhistorisk dyrking, og busetjingsspor frå steinalder, bronsealder og eldre jernalder.



Figur 1. Kart over dei automatisk freda kulturminna.

Planlagd tiltak i området må ta omsyn til dei automatisk freda kulturminne. Dersom tiltak ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne kan kulturminnemynde ta stilling til om dei kan gje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som vert påverka av planen, jf. § 8.1 i kulturminnelova. Det er kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune som er rette mynde til å fatte vedtak i slike saker. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskingar dekkast av tiltakshavar.

Rapport frå registreringa blir oversendt når den er ferdig.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Silje Øvrebø Foyen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**From:** Silje Øvrebø Foyn <Silje.Ovrebo.Foyn@vlfk.no>  
**Sent:** mandag 14. desember 2020 10.41  
**To:** Gunn Elin Frilund  
**Subject:** SV: Rapport fra kulturminneundersøkelser fortun stasjon

**OBS:** Avsender av e-posten er utenfor organisasjonen.

Hei,

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafor de to areala som er markert rosa på vedlagt kart. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor desse områda er vurdert å vera lågt. Det er difor ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området.

Helsing

**Silje Øvrebø Foyn**  
Rådgjevar/feltarkeolog

Seksjon for kulturarv  
Avdeling for Kultur, idrett og inkludering



Tlf: 96 94 28 34  
[www.vlfk.no](http://www.vlfk.no)

---


**Fra:** Gunn Elin Frilund <gunn.frilund@statnett.no>  
**Sendt:** torsdag 3. desember 2020 15:30  
**Til:** Glenn Heine Orkelbog <Glenn.Heine.Orkelbog@vlfk.no>  
**Kopi:** Karoline Hareide Breivik <Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no>; Silje Øvrebø Foyn <Silje.Ovrebo.Foyn@vlfk.no>  
**Emne:** SV: Rapport fra kulturminneundersøkelser fortun stasjon

Hei,

Viser til rapporten under. Vi jobber nå for å unngå arealet som har dyrkningslag, men vil komme tilbake til eventuelt behov for dispensasjon om vi ikke klarer å unngå området.

En endring vi har gjort, er å flytte stasjonen noe lenger nordøst. Dette vil kunne spare kulturminnet. Jeg ser imidlertid at det er i et område som ikke er klarert i forhold til kulturminneloven. Kan dere se på det, og gjøre en vurdering av om dere i tilfelle må ut på nytt?

Se kart hvor to nye areal er markert med rosa.



På forhånd takk for svar!

Vh  
Gunn Frilund  
Statnett

---

**Fra:** Glenn Heine Orkelbog <[Glenn.Heine.Orkelbog@vlfk.no](mailto:Glenn.Heine.Orkelbog@vlfk.no)>

**Sendt:** onsdag 23. september 2020 12:31

**Til:** Gunn Elin Frilund <[gunn.frilund@statnett.no](mailto:gunn.frilund@statnett.no)>

**Kopi:** Karoline Hareide Breivik <[Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no](mailto:Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no)>; Silje Øvrebø Foyn <[Silje.Ovrebø.Foyn@vlfk.no](mailto:Silje.Ovrebø.Foyn@vlfk.no)>

**Emne:** SV: Rapport fra kulturminneundersøkelser

**OBS:** Avsender av e-posten er utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.

Hei

Vidaresender e-posten til sakshandsamar og arkeologen som sit med rapporten.

Med helsing

**Glenn Heine Orkelbog**  
Fagleiar, feltarkeologi

Seksjon for kulturarv  
Avdeling for Kultur, idrett og inkludering

STATNETT SF  
Postboks 4904 Nydalen  
0423 OSLO

## Uttale og varsel om registrering i vurdering av nye areal for transformatorstasjon i Fortun, Luster kommune

Viser til brev frå dykk, datert 09.09.2021. Søknaden gjeld vurdering av behov for kulturminnefaglege undersøkingar etter kulturminnelovas §9 i tre nye areal knytt til bygging av transformatorstasjon i Fortun, Luster kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Dei fleste områda i saka har tidlegare vorte vurdert av Vestland fylkeskommune, og hausten 2020 vart det avdekket tre kulturminnelokalitetar i prosjektområdet. I tiltaksområda som det no er bedt om vurdering for er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne, men det er rekna å vere høgt potensial for nye funn. Vestland fylkeskommune stiller med dette krav om arkeologisk registrering, jfr. Kulturminnelova §9 og §10.

Nærare opplysningar om registreringa går fram av prosjektplan som ligg ved, sjå også budsjett og akseptskjema.

Vi ber om at utfylt og signert akseptskjema blir returnert til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) /sakshandsamar: Henriette Maria Hop Wendelbo. Grunna stor oppdragsmengd i 2021 vil registreringane høgst sannsynleg ikkje bli gjennomført før i 2022. For at prosjektet skal prioriterast til våren er det viktig at de signerer skjemaet innan 18.10.2021. Vi legg registreringa inn i arbeidsplanen når akseptskjemaet er motteke.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn etter den varsla registreringa.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Henriette Maria Hop Wendelbo  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Prosjektplan, Fortun transformator
- 2 Budsjett
- 3 Akseptskjema